



Vedlegg til Regionalplan for kulturmiljø

Handlingsprogram 2025-2027

Vedtøken i fylkestinget 10. desember 2024

Regionalplan for kulturmiljø

Handlingsprogram 2025-2027

Regionale planar skal ha eit handlingsprogram for gjennomføring. Dette skal bygge på måla og strategiane i planen. Handlingsprogrammet er i hovudsak kortsiktig, med ein tidshorisont fram til 2027. Nokre tiltak har ein meir langsiktig karakter. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg, og i samband med økonomiplanen. Til kvart tiltak er det skissert ansvar og samarbeidspartar.

Som overordna prinsipp vil Rogaland fylkeskommune prioritere nye tiltak og utviklingsprosjekt der fleire aktørar går saman om planlegging, finansiering og gjennomføring, og der prosjekta bidreg til å nå måla i denne planen. Fylkeskommunen kan bidra med finansiering, men kan også ha rolla som koordinator, igangsetjar, deltakar og rettleiar.

Visjon: Rogaland tek vare på – og verdset – kulturmiljøa sine som viktige ressursar i ei berekraftig samfunnsutvikling.

Mål 1: Mangfold

I Rogaland tek me vare på eit mangfold av kulturmiljø slik at spor frå heile historia om Rogaland, frå steinalder og fram til i dag, kan opplevast, brukast og gje kunnskap – no og i framtida.

Strategi 1A -bevaring og utvikling

Bevare og utvikle eit utval kulturmiljø av ulike typar og frå alle historiske epokar

Me skal

- sikre og bevare kulturmiljø og -landskap av særleg regional og nasjonal interesse gjennom god planlegging, vern og forvaltning
- styrke fylkeskommunen si rolle som utviklingsaktør på kulturmiljøfeltet
- følgje opp regionale planretningslinjer i vidare statleg, fylkeskommunal og kommunal planlegging og verksemd.

| | Tiltak | Hovudansvar | Varigheit | Status | Skildring | Økonomisk ramme fylkeskommunale midlar |
|------|---|----------------|-----------|-----------------|--|---|
| 1A.2 | Maktens havn, Avaldsnes | Prosjektgruppa | 2023-2028 | Ikkje iverksett | <p>Forskningsprosjektet Maktens havn skal bidra til meir formidling av – og engasjement for – kulturmiljøet Avaldsnes. Tiltaket inneber meir medverknad i prosjektet frå Rogaland fylkeskommune. I prosjektet skal utvalde kulturmiljø i Karmsundet kartleggast og undersøkast. Maktens havn er pilotprosjekt i dei nasjonale bevaringsstrategiane. Det kan innebære behov for fylkeskommunale ressursar etter kvart. Tiltaket heng saman med tiltak om formidling av forhistoria.</p> <p>Det blir ikkje gjort noko med tiltaket før prosjektgruppa er klar til å involvere RFK i vidare prosjektarbeid.</p> | Administrative ressursar |
| 1A.3 | Utarbeide oversikt over objekt som er aktuelle for freding i Rogaland | Fylkeskommunen | 2024 | Iverksett | <p>Utarbeide forslag til aktuelle framtidige fredingsobjekt i Rogaland. Tiltaket vert gjennomført i samarbeid med kommunar, frivillige organisasjonar og eigarar. Forslaga vil bli lagt fram for, og drøfta med, Riksantikvaren. Fylkesdirektøren vil på bakgrunn av ei samla prioritert fredingsliste utarbeide framdriftsplan for gjennomføring. Både framdriftsplan og gjennomføring vil inngå som eigne tiltak etter kvart.</p> <p>Tiltaket blir vidareført i handlingsprogram 2025 for ferdigstilling. Plan for framdrift og gjennomføring blir lagt i 2025.</p> | Administrative ressursar |

Strategi 1B – eigarar og forvaltarar

Bidra til at eigarar og forvaltarar av kulturminne kan ivareta desse på ein god måte

Me skal

- ha treffsikre nasjonale, regionale og kommunale støtteordningar til bevaring av kulturmiljø og gjere dei meir kjende for målgruppene
- gje eigarar og forvaltarar tilgang til gode rådgjevingstenester, informasjon og kursing innanfor arkeologi, bygningsvern, fartøyvern og kulturmiljøvern
- bidra til å sikre gode rådgjevingstenester innan bygningsvern for eigarar i heile fylket.

| | Tiltak | Hovudansvar | Varigheit | Status | Skildring | Økonomisk ramme fylkeskommunale midlar |
|------|---|----------------------------------|-----------|-----------------|---|---|
| 1B.1 | Opprette rådgjevingstenester innanfor bygningsvern | Fylkeskommunen | 2023-2026 | Iverksett | <p>Ei rådgjevingsteneste for eigarar og forvaltarar av hus og anlegg. Det skal vere eit lågterskeltilbod der brukarar kan få konkrete råd om bygningsfagleg kunnskap, med moglegheit til å arrangere kurs og samlingar. Rådgivarane er tilsette ved musea. Pilotprosjekt for 2023-2025.</p> <p>Pilot er oppretta ved Haugalandsmuseet og Ryfylkemuseet. Ein utviding i tråd med handlingsprogrammet 2023-2026 lar seg ikkje gjere innanfor gjeldande økonomisk ramme, og nåverande pilot er foreslått vidareført i 2025 før evaluering og eventuell vidareføring.</p> | 1 500 000 |
| 1B.2 | Dialogmøte og informasjonsmøte for grunneigar, forvaltarar og andre aktørar | Fylkeskommunen, Statsforvaltaren | 2023-2025 | Iverksett | <p>Arrangere og delta. Målgruppa er eigarar av kulturminne og organisasjonar som representerer eigarar eller interesser knytt til arkeologiske kulturminne, freda og verneverdige bygg og anlegg, samt fartøy.</p> <p>Det er halde enkelte informasjonsmøte på seminar og konferansar, men det står att å halde informasjonsmøte for grunneigarar i landbrukssektoren. Tiltaket blir vidareført i handlingsprogram 2025 for ferdigstilling. Løypande administrativ oppgåve.</p> | Administrative ressursar |
| 1B.4 | Rettleiing og praktisk informasjon til grunneigar, tiltakshavar og kommunar | Fylkeskommunen | 2025 | Ikkje iverksett | <p>Utarbeide enkel rettleiing og praktisk informasjon til grunneigarar, tiltakshavarar, kommunar mfl. Kva saker kan, skal eller skal ikkje sendast til fylkeskommunen, kva kan ein forvente å få hjelp til, og kva opplysningar treng vi for å vurdere ei sak.</p> <p>Blir iverksett haust/vinter 2024/2025. Blir vidareført i handlingsprogrammet for 2025 for ferdigstilling.</p> | Administrative ressursar |

| | | | | | | |
|-------------|---|----------------|------|-----------|--|---------|
| 1B.5 | Auke tilskotsramma til fartøyvern/SAVOS | Fylkeskommunen | 2025 | Iverksett | <p>I SAVOS-ordninga ligg det at Riksantikvaren skal «matche» dei fylkeskommunale - og eventuelt kommunale - midla. Gjennom at kommunane set av eigne midlar til fartøyvern/SAVOS, og fylkeskommunen aukar sitt bidrag, vil det utløyse tilsvarende frå Riksantikvaren.</p> <p>Auking av tilskotsramma til fartøyvern/SAVOS er foreslått innafor dei gjeldande økonomisk rammene i fylkeskommunen for 2025-2028. Ein vil jobbe for å auke den kommunale delen i ordninga.</p> | 500 000 |
|-------------|---|----------------|------|-----------|--|---------|

Strategi 1C - tradisjonar og tradisjonshandverk

Stimulere til at tradisjonar og tradisjonshandverk blir haldne levande

Me skal

- legge til rette for bevaring, vidareføring og dokumentasjon av immateriell kulturarv
- legge til rette for at handverkarar kan lære seg tradisjonshandverk gjennom kursing, stipend og utdanning
- legge til rette for samarbeid og møteplassar mellom offentleg forvaltning, museum, frivillige organisasjonar, stiftingar, bedrifter og vidaregåande skular om bevaring av tradisjonshandverk.

| | Tiltak | Hovudansvar | Varigheit | Status | Skildring | Økonomisk ramme fylkeskommunale midlar |
|-------------|---|--|-----------|-----------|--|--|
| 1C.1 | Etter- og vidareutdanningstilbod i tradisjonshandverk | Fylkeskommunen | 2023-2025 | Iverksett | <p>Vurdere moglegheitene for eit formelt etter- og vidareutdanningstilbod innan tradisjonshandverk for handverkarar i Rogaland eller i samarbeid med andre fylke.</p> <p>Tenesteområdet opplæring er i gang med utgreiing og kartlegging av moglegheiter for utdanningstilbod i Ryfylke, i tråd med politisk bestilling om å legge til rette for utdanning i tradisjonshandverk på vidaregåande skular, jf. OU-sak 2/24. Tiltaket blir vidareført i handlingsprogrammet for 2025 med ei testing av tilbodet i Sauda, før evaluering og vidare avklaring.</p> | Administrative ressursar |
| 1C.2 | Kurs i restaurering og tradisjonshandverk | Fylkeskommunen, museum, frivillige organisasjonar og kommunane | 2024-> | Iverksett | <p>Leggje til rette for/bidra til kompetanseheving i tradisjonshandverk og restaurering – gjennom å ta initiativ, arrangere og finansiere, gjerne i samarbeid med andre aktørar.</p> <p>Kontakt med museumstenesta. Det er lagt til rette for to kurs saman med samarbeidspartnarar i 2024. Tiltaket er løypande ut planperioden.</p> | Administrative ressursar |

Strategi 1D – klimaendringane

Verne kulturmiljø mot effektane av klimaendringane og bidra til at kulturminne blir brukte i klimainnsatsen

Me skal

- styrke kunnskapsgrunnlaget om kva slags effekt klimaendringane har på viktige kulturminne og kulturmiljø i Rogaland
- utføre naudsynte klimatilpassingar på sårbare kulturmiljø og kulturminne
- legge til rette for gjenbruk, vidare bruk og klimatiltak på eldre bygg gjennom rettleiing og informasjon.

| | Tiltak | Hovudansvar | Varigheit | Status | Skildring | Økonomisk ramme fylkeskommunale midlar |
|------|---|-------------|-------------|-----------------|---|---|
| 1D.2 | Gjennomføre risiko- og sårbarheitsanalyse for viktige kulturminne og kulturmiljø. | Kommunane | 2024/2025-> | Ikkje iverksett | <p>Dette er i utgangspunktet ei kommunal oppgåve, og det vil vere nyttig å gjennomføre i samband med utarbeiding av ein overordna klimaplan for heile kommunen eller sett i lys av konkrete tiltak. Fylkeskommunen kan bidra gjennom utarbeiding av ein overordna grovanalyse, som kan danne grunnlag for arbeidet i den enkelte kommunen.</p> <p>Riksantikvaren gjennomfører i 2024 og 2025 ein pilot som ser på beredskap og gjennomføring av risiko- og sårbarheitsanalyser for kulturmiljø.</p> | |

Mål 2 – Kunnskap

I Rogaland har me god kunnskap om kulturmiljøa våre og korleis dei bidreg til å gje eigenart og identitet til stader og folk.

Strategi 2A – kulturminne i kommunane

Styrke arbeidet med kulturmiljøforvaltning i kommunane

Me skal

- legge til rette for kurs og seminar og møteplassar mellom fylkeskommunen, kommunar og andre aktørar
- sette kulturmiljø på den kommunale dagsordenen, og legge til rette for lokal bevaring og bruk av kulturmiljø.

| | Tiltak | Hovudansvar | Varigheit | Status | Skildring | Økonomisk ramme fylkeskommunale midlar |
|------|--|----------------|-----------|-----------|--|---|
| 2A.1 | Kurs i kulturmiljøforvaltning – tilrettelagt for den enkelte kommune | Fylkeskommunen | 2023-2027 | Iverksett | <p>Tilrettelagde kurs for kommunane for å auke lokal og regional kompetanse og engasjement – tverrfagleg deltaking frå kommunane. Ambisjon om 3-4 kommunar per år. Etter modell frå tilsvarende prosjekt i Viken fylkeskommune.</p> <p>2-dagers konferanse er gjennomført for alle kommunane i Rogaland i samarbeid med Riksantikvaren. Kommunemøte er gjennomført med Gjesdal. Ytterlegare kommunar er planlagt frå hausten 2024. Vidare vil vi oppmoda kommunane til å invitere fylkeskommunen til uformelle møte der vi ser på utfordringane til den enkelte kommune.</p> | Administrative ressursar |

| | | | | | | |
|-------------|--|----------------|--------|-----------------|---|--|
| 2A.2 | Arrangere årlege seminar med ulike tema for kommunane og andre aktørar | Fylkeskommunen | 2024-> | Iverksett | Vidareføring og vidareutvikling av KIK-satsinga. Må sjåast i samanheng med andre kurs/seminar som òg vil inngå som del av KIK. Gjennomført konferanse med formidling og tilrettelegging som tema i 2024. Årleg og løypande oppgåve. | 100 000 (statlege midlar som blir overført årleg frå Riksantikvaren) |
| 2A.3 | Oppdaterte kommunale kulturminneplanar i alle kommunane | Kommunane | 2023-> | Iverksett | Revidere kommunale kulturminneplanar med gode og oppdaterte digitale oversikter over kulturminne i kommunen, og med mål og tiltak for lokal kulturmiljøinnsats. Alle kommunar i Rogaland unntatt éin har utarbeidd kulturminneplan. Nokre planar i enkelte kommunar har behov for ei oppdatering. Arbeidet med kulturminneplanar er ei kommunal oppgåve, og tilskot til arbeidet vert gjeve frå Riksantikvaren. Fylkeskommunen oppmodar kommunane til å prioritere kulturminneplanen. Sokndal og Bjerkreim vart tildelt 100 000 kroner kvar frå Riksantikvaren i 2024 for å oppdatere sine planar. Løypande administrativ oppgåve. | Administrative ressursar |
| 2A.4 | Opprette kommuneantikvar/regionantikvarstillingar i kommunane | Kommunane | 2023-> | Ikkje iverksett | Vert føreslått som tiltak på bakgrunn av innspel frå fleire kommunar i høyringa av planen. Det er ei kommunal oppgåve å finansiere slike stillingar. Fylkeskommunen kan bidra ved å setje det på dagsorden og ev. ta initiativ til dialog om samarbeid mellom kommunar. Kommunal oppgåve. | Administrative ressursar |

Strategi 2B - formidling

Formidle kunnskap om kulturmiljø og historie breiare, meir engasjerande og meir effektivt

Me skal

- bidra til at kulturmiljø i større grad kan bli formidla gjennom skulen, friluftsliv, ulike arrangement og av ulike aktørar
- legge til rette for fysisk skilting og digital formidling av kulturminne i landskap og kulturmiljø
- bidra til at meir formidling skal vere tilgjengeleg for flest mogleg
- gjere kunnskap og informasjon om kulturarv og kulturmiljø tilgjengeleg for publikum gjennom gode digitale tenester.
- samarbeide med friluftsråd og frivillige organisasjonar om å informere om kulturminne som turmål, både i tettbygde strøk, langs kysten, i kulturlandskapet og i hei- og fjellområde.

| | Tiltak | Hovudansvar | Varigheit | Status | Skildring | Økonomisk ramme fylkeskommunale midlar |
|-------------|------------------------------|----------------|-----------|-----------|--|--|
| 2B.1 | Kulturarvportal for Rogaland | Fylkeskommunen | 2024-2026 | Iverksett | Vurdere moglegheitene for å utarbeide ein kulturarvportal, for eksempel slik Buskerud fylke laga, eller tilsvarande Sandnes. Samle informasjon om kulturmiljø og kulturarv frå mange ulike kjelder og formidle dette. I forprosjektet må det vurderast kva innhald portalen skal ha, kva målgrupper og kva format. Utgreiing av kostnader og drift av kulturarvportalen må liggje til grunn før avgjerd vert tatt. | 250 000 (2024) |

| | | | | | | |
|-------------|---|---|-----------|-----------------|--|--|
| | | | | | Moglegheitstudie blir gjennomført hausten 2024 i samarbeid med konsultentselskapet Knowit AS. Evaluering av etablering og drift basert på denne rapporten. | |
| 2B.2 | Utvikle rettleiar for skoler om å ta i bruk og formidle lokale kulturminne. | Fylkeskommunen | 2025 | Ikkje iverksett | Tiltaket skal sikre at skulane i Rogaland lettare aktivt kan ta i bruk dei kulturmiljøa dei har i nærmiljøet. Rettleiaren skal utformast slik at han kan nyttast i heile fylket. | 150 000 |
| 2B.3 | Utvandrarjubileet | Fylkeskommunen, Stavanger og Tysvær kommune | 2023-2025 | Iverksett | Ivareta og koordinere Utvandrarjubileet på regionalt nivå. Det er ikkje iverksett konkrete tiltak som bygger på kulturarv/kulturmiljø i Rogaland. Ansvaret ligger til seksjon for allmenn kultur og tiltaket vil bli gjennomført etter plan. Kulturarv involverast ved behov. | Administrative ressursar |
| 2B.4 | 900-årsjubileet Stavanger 2025 | Stavanger kommune | 2023-2025 | Iverksett | Delta i, og bidra til å ivareta det regionale perspektivet, særleg knytt til 900-årsjubileet for domkyrkja og bispedømmet. Deltaking og samarbeid knytt til konkrete satsingar/prosjekt under pilarane i jubileet kan også vera aktuelt – t.d. mat/Pedersgata. Rogaland fylkeskommune bidrar med faglag støtte, samt tilskot til verdiskapingsprosjektet Byen og katedralen. | Administrative ressursar |
| 2B.5 | Digital formidling av bergkunst og andre arkeologiske kulturminne. | Fylkeskommunen | 2024-2025 | Iverksett | Vidareføre og følgje opp forprosjektet om digital formidling av bergkunst. Setje opp digital formidling av utvalde bergkunstlokalitetar. Inneber dokumentasjon/materialproduksjon og å gjere formidlinga kjend for publikum. Demo til side blir utvikla i samarbeid med kommunikasjonsavdelinga i 2024. Arkeologisk museum, UiS, fotograferer bergflatene. Tiltaket blir vidareført i 2025 på grunn av avgrensa kapasitet til å ferdigstille i 2024. Evaluere vidareføring for publisering av andre kulturminnetypar etter bergkunst. | 100 000 |
| 2B.6 | Formidle kulturmiljø og kulturarv nær dagsturhyttene. Gjennomføre pilotprosjekt i 2023. | Fylkeskommunen | 2023-2026 | Iverksett | Interregionalt pilotprosjekt i samarbeid med Vestland fylkeskommune. Formidling av kulturlandskap og kulturhistorie rundt tre utvalde dagsturhytter i 2023. Utforming og utprøving av formidlingsformat og kunnskapsdeling med mål om å betre tilgjengelegheit for brukargrupper med ulike behov for tilrettelegging. Pilotprosjektet er støtta av Riksantikvaren og SR-bank. Eigenandelen til fylkeskommunen i pilotprosjektet er hovudsakleg arbeidsinnsats. Pilotprosjektet er gjennomført i samarbeid med Vestland fylkeskommune og utvalde kommunar. Hovudprosjektet skal gjennomførast i samarbeid med kommunar i 2024–2025, i tråd med ei prioritering av hytter ved og i kulturmiljø av regional interesse samt nasjonale landskap. | 2023: 50 000 2024: 250 000 2025: 300 000 |
| 2B.7 | Kartlegging og betre tilrettelegging av skilta kulturminne | Fylkeskommunen | 2023-2025 | Iverksett | Evaluere dei arkeologiske kulturminna som har informasjonsskilt og sjå kva kulturminne som i større grad kan bli universelt utforma. Vurdere tilstanden på eksisterande | 2025: 150 000 |

| | | | | | | |
|--|--|--|--|--|--|--|
| | | | | | <p>tilretteleggingar av arkeologiske kulturminne med skilt og tilkomst. I samråd med kommunane evaluere om kulturminna er tilgjengelege for publikum, i kva stand tilrettelegginga er i, og kva tilretteleggingar vi skal satse vidare på, og om nokre skal fjernast. Auka grad av tilgjenge fører til at kulturminne og kulturmiljø får ein høgare bruks- og opplevingsverdi i samfunnet, og er eit viktig grep for å nå dei nasjonale måla om mangfald og engasjement i kulturmiljøpolitikken.</p> <p>Prosjektet er ikkje stilt ferdig på grunn av avgrensa interne ressursar og auka medverknad frå kommunane. Det blir vidareført som tiltak i 2025.</p> | |
|--|--|--|--|--|--|--|

Strategi 2C - Kunnskapsgrunnlaget

Oppdatere og utvide kunnskapsgrunnlaget om kulturminne, kulturmiljø og landskap

Me skal

- oppdatere og supplere oversikta over vesentlege regionale kulturmiljøinteresser
- utvide kunnskapsgrunnlaget om kulturmiljø i Rogaland gjennom samarbeid, kartlegging og digitalisering
- gjere god og oppdatert informasjon om kulturmiljø tilgjengeleg gjennom gode, brukarvenlege digitale løysingar.

| | Tiltak | Hovudansvar | Varigheit | Status | Skildring | Økonomisk ramme fylkeskommunale midlar |
|-------------|--|---|-----------|-----------------|---|--|
| 2C.3 | Registrere kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse, samt revidere NB!-registeret for Rogaland. | Fylkeskommunen, Riksantikvaren | 2023-2025 | Iverksett | Gjennomføring av prosjekt som Riksantikvaren har sett i gang for å samle fleire eksisterande nasjonale register over kulturmiljø og landskap til eitt, og der det skal kartleggast kulturmiljø av nasjonal interesse i Rogaland. Riksantikvaren bidrar med kr 150 000 til kartleggingsarbeidet. Tiltaket blir vidareført inn i 2025. Riksantikvaren skal ferdigstille med høyring av ny oversikt i 2025. | 150 000 (midlar overført frå Riksantikvaren) |
| 2C.4 | Kartlegge arkeologiske kulturmiljø av regional interesse | Fylkeskommunen, Arkeologisk museum, Stavanger maritime museum | 2025 | Ikkje iverksett | Utarbeide oversikt over arkeologiske kulturmiljø av vesentleg regional interesse samt innlemme kulturminne i sjø og vassdrag betre i oversikta over kulturmiljø. | Administrative ressursar |
| 2C.5 | Kartlegge kulturminne og kulturmiljø i dal, hei og fjell, særleg stølsdrift | Fylkeskommunen | 2025 | Ikkje iverksett | Kartlegge og prioritere eit utval kulturminne og kulturmiljø av vesentleg regional interesse. | 200 000 |
| 2C.7 | Hovudprosjekt: fagleg strategi for forvaltning av arkeologiske kulturminne i Rogaland. | Fylkeskommunen, Arkeologisk museum, Stavanger maritime museum | 2023-2025 | Iverksett | Eit fagleg program skal gi oversikt over arkeologiske kulturminne, status og kunnskapsbehov, og vere eit viktig kunnskapsgrunnlag i forvaltninga av desse. Tiltaket må sjåast i samanheng med nasjonalt arbeid med bevaringsstrategiar, og vil bli tatt opp når strategiar for kystens kulturmiljø og landbrukets kulturmiljø er vedtekne. | Administrative ressursar |

| | | | | | | |
|--------------|--|--|-----------|-----------------|--|--------------------------|
| | | | | | Det blir vidareført som tiltak i 2025, men definert om til fagleg strategi for forvaltning av arkeologiske kulturminne. | |
| 2C.10 | Bygg og anlegg av høg arkitektonisk verdi – kartlegge og vurdere | Fylkeskommunen og Stavanger arkitektforening | 2026 | Ikkje iverksett | Kartleggje og vurdere bygg og anlegg med høg arkitektonisk og arkitekturhistorisk verdi, med utgangspunkt i arkitekturguiden for Sør-Rogaland. Skrive ei kort arkitekturhistorie for Rogaland – liknande Ei kulturhistorie for Rogaland. | Administrative ressursar |
| 2C.11 | Detaljkartlegging og kontrollregistrering av utvalde hamnemiljø over og under vatn | Stavanger maritime museum og fylkeskommunen | 2024-2025 | Iverksett | Pilotprosjekt i kulturmiljøet Basthamn og Rossøysund for å vurdere kulturminne, sårbarheit og behov for sikring. Kartleggje og kontrollregistrere utvalde kulturmiljø med mål om å auke kunnskapen om kulturminne i skjæringspunktet mellom sjø og land, og vurdere behov for sikring i eit klimaperspektiv. Kartleggingsprosjektet er planlagt med gjennomføring i oktober 2024. Tiltaket blir vidareført til 2025 for rapportering og evaluering. | Administrative ressursar |

Mål 3 – bruk og engasjement

I Rogaland kan alle engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø. Me nyttar kulturarv og kulturmiljø til å skape trivsel, tilhøyrslø og unike opplevingar.

Strategi 3A- stadutvikling og engasjement

Bruke kulturmiljø som ressurs for å skape engasjement og levande og attraktive stader

Me skal

- styrke samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar innanfor kulturarv- og kulturmiljøfeltet
- legge til rette for at frivillige – og andre engasjerte – kan ta vare på kulturminne, lage opplevingar, medverke i offentlege prosessar og på andre måtar ta del i kulturarven
- bidra til at immateriell og materiell kulturarv blir bevart og brukt som ein ressurs for lokalsamfunn
- ta i bruk stadanalyse som verktøy i utviklingsprosjekt slik at ein sikrar kunnskapsbasert og stadtilpassa utvikling
- legge til rette for bruk og gjenbruk av kulturminne og kulturmiljø i stadutvikling gjennom samarbeidsprosjekt, rettleiing, informasjon, gode planar og føringar.

| | Tiltak | Hovudansvar | Varigheit | Status | Skildring | Økonomisk ramme fylkeskommunale midlar |
|-------------|--|----------------|-------------------|-----------------|--|--|
| 3A.1 | Bruke kulturmiljø som ressurs i fylkeskommunens stadsutviklingsprosjekt. | Fylkeskommunen | 2023-> | Iverksett | Fylkeskommunen har fleire stadutviklingsprosjekt der kulturmiljø er, eller kan ha, ei lita eller stor rolle. Løypande dialog og medverking i aktuelle prosjekter. Løypande oppgåve. | Administrative ressursar |
| 3A.3 | Sikre gode fysiske rammer for fartøyvernet | Kommunane | Hele planperioden | Ikkje iverksett | Verna og freda fartøy treng gode kaifasilitetar og faste kaiplassar. Fordelen er at det bidrar til stadidentitet og | Administrative ressursar |

| | | | | | | |
|-------------|------------------------------------|----------------|--------|-----------------|---|--------|
| | | | | | <p>attraktivitet i byane og i andre lokalsamfunn, samt eksponering av fartøyvernet. Dette er ei kommunal oppgåve der blant anna Stavanger kommune har ønske om ein eigen veteranbåthamn ved Steinkarkaien.</p> <p>Å sikre gode fysiske rammer for fartøyvernet er i hovudsak ei kommunal oppgåve. Fylkeskommunen kan bidra ved å setje det på dagsorden og eventuelt ta initiativ til dialog om samarbeid mellom kommunar. Det ligg ikkje føre ein konkret plan hos Rogaland fylkeskommune for korleis tiltaket skal gjennomførast.</p> | |
| 3A.4 | Opprette kulturmiljøråd i Rogaland | Fylkeskommunen | 2023-> | Ikkje iverksett | <p>Eit kulturmiljøråd i Rogaland skal leggje til rette for samarbeid og samhandling, og vere eit rådgjevande organ for oppfølging av regionalplanen.</p> <p>Tiltaket har vært nedprioritert på bakgrunn av manglande avklaringar rundt regionalt kulturarvforum initiert av Kulturarvforbundet. Blir igangsett i 2025.</p> | 50 000 |

Strategi 3B - opplevingar og reiseliv

Fremje bruk av kulturarv og kulturmiljø i opplevings- og reiselivsnæringane

Me skal

- stimulere til at det blir utvikla fleire gode reiselivsprodukt der kulturarv og kulturmiljø vert nytta som ressurs.
- legge til rette for møteplassar og samarbeid mellom ulike aktørar i reiseliv, museum og frivilligheit

| | Tiltak | Hovudansvar | Varigheit | Status | Skildring | Økonomisk ramme fylkeskommunale midlar |
|-------------|---|----------------|-----------|-----------|--|---|
| 3B.1 | Kraftturisme - Opplevelser i det Vest-Norske kraftlandskapet | Fylkeskommunen | 2026 | Iverksett | Interregionalt samarbeidsprosjekt med Vestland fylkeskommune. Medfinansiert med verdiskapingsmidlar frå Riksantikvaren. Prosjektet er inne i det avsluttande året for hovudprosjektet i 2024. Det blir vurdert ei vidareføring av prosjektet frå 2026, der Rogaland fylkeskommune saman med andre fylkeskommunar går inn med ressursar. Med atterhald om tett prosjektsamarbeid med kommunane og Vestland fylkeskommune. | 2026: 300 000 |
| 3B.2 | Løfte forhistoria som satsingsområde i formidling og reiseliv, med særleg vekt på vikingtid i første omgang | Fylkeskommunen | 2023 - | Iverksett | 2023/2024: Forprosjekt: Korleis bidra til å utvikle og leggje til rette for formidling av vikingtid – både for lokalbefolkninga og i samarbeid med reiseliv/turisme. Basert på erfaringane frå Rikssamlingsjubileet, Kystpilegrimsleia og Destination Viking Association. Vikingtid er kommersielt interessant og bør brukast som ei døroppnar for formidling av andre sentrale | 2024: 300 000 2025: 500 000 2026: 500 000 |

| | | | | | | |
|-------------|--|----------------|-----------|-----------|--|---------------|
| | | | | | <p>periodar i Rogaland. Vil bli følgd opp og detaljert i egne tiltak etter kvart.</p> <p>Prosjektgruppa er oppretta på tvers av faggruppene næring og kulturarv. Prosjektplanen ligg føre, og i 2024 har vi forprosjekt og arrangerer seminar hausten 2024 om vikingtid i reiseliv og formidling for regionen. Hausten 2024 blir det gjennomført ei forstudie av ekstern leverandør som skal sjå på korleis vikinghistoria gjennom reiselivet kan løftast fram som ei av dei store forteljingane om Noreg. I 2025 arrangerer vi workshop med relevante aktørar for å konkretisere innsatsområde for prosjektet og satsinga i 2025 og 2026, som byggjer på rapporten frå ekstern leverandør. Tiltaket gjennomførast etter planen. Det er sett av midlar til prosjektet.</p> | |
| 3B.3 | Løfte kystkulturen i formidling og reiseliv. | Fylkeskommunen | 2024-2025 | Iverksett | <p>Leggje til rette for å bruke kulturmiljø langs kysten for å skape næringsutvikling og gode lokalsamfunn. Formidle historia om kysten og utviklinga av båtar og skip. Tiltaket sjåast i samanheng med kystkultursatsinga i Riksantikvaren sitt forslag til bevaringsstrategiar, der mellom anna Levande kystkultur på Kvitsøy og Maktens havn på Karmøy er pilotprosjekt.</p> <p>Vidareutvikling av prosjekter på verdiskaping inn i 2025, med vekt på prioriterte innsatsområde i nasjonal bevaringsstrategi for kystens kulturmiljø. Tiltaket blir vidareført i handlingsprogrammet for 2025.</p> | 2025: 500 000 |